

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-
F47, TI-&85
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 09.12.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--------------------|------------|
| 153/21 | Alver kommunestyre | 16.12.2021 |

Vertskommunesamarbeid barnevernsvakt. Godkjenning av avtale med Gulen kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune inngår vertskommunesamarbeid med Gulen kommune knytt til beredskap for barnevernsvakta. Alver kommune blir vertskommune for dette samarbeidet, i samsvar med utarbeidd samarbeidsavtale.

Alver kommunestyre 16.12.2021:

Handsaming:

Framlegg frå H, AP, KRF og SP:

Saka blir utsett. Rådmannen bes komme tilbake med fyldigere saksutgreiing før kommunestyret tar stilling til saka, herunder òg ei vurdering av konsekvensar dette får for ressursar og kapasitet. Framlegget vart vedteke med 44 røyster mot 2 røyster (J.Hellestveit-SP og M.I.Wergeland-SP)

KO- 153/21 Vedtak:

Saka blir utsett. Rådmannen bes komme tilbake med fyldigere saksutgreiing før kommunestyret tar stilling til saka, herunder òg ei vurdering av konsekvensar dette får for ressursar og kapasitet.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Alle barn, uavhengig av kvar dei bur i landet, har krav på bistand i akutte krisesituasjonar. Kommunane må ha tilstrekkeleg beredskap slik at dei er tilgjengeleg utanom kontortid. Kommunar som ikkje er tilknytt ei barnevernvaktordning må ha andre formar for akuttberedskap.

Barnevernvakta er barnevernet si akuttberedskap på kveldstid, i helgar og på helligdagar. Hovudoppgåva er å hjelpe barn og familiar i krise som treng hjelp raskt.

Barneverntenesta for Gulen og Masfjorden har dei to siste åra kjøpt barnevernvakt-teneste frå Alver kommune dei to siste somrane. Etter førespurnad frå Gulen kommune har Gulen og Alver kommunar utarbeidd ein avtale om vertskommunesamarbeid kring barnevernvaktordninga. I praksis betyr det at Alver kommune ved Alver barnevernteneste ivaretek lovpålagt beredskap for Barneverntenesta i Gulen og Masfjorden etter arbeidstid kvardagar og fram til neste dag, gjeldande i tidsrommet etter kl. 16.00 – 08.00 samt døgnvakt i helgar og heilagdag, i samsvar med innhaldet i samarbeidsavtalen.

Gulen kommune er vertskommune for barnevernssamarbeidet mellom Gulen og Masfjorden kommunar. Avtalen vert difor formelt inngått mellom Gulen og Alver kommunar.

Samarbeidet er heimla som eit Administrativt vertskommunesamarbeid, jf. Kommunelova § 20-2.

Avtalen er gjeldande frå 01.01.2022.

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|---|---------|
| 09.12.2021 | Samarbeidsavtale mellom Alver og Masfjorden Gulen Akuttbereds.._ (003) | 1656917 |
|------------|---|---------|